



«Mottakernavn»  
«KONTAKT»  
«Adresse»  
«Postnr» «Poststed»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ole Martin Aanonsen, 37 01 78 51

## Høring av søknad om utsleppsløyve for Bortelid avløpsreinseanlegg - Åseral kommune

---

**Statsforvaltarens miljøvernavdeling har fått søknad frå Åseral kommune om utslepp frå Bortelid avløpsreinseanlegg etter forureiningslova.**

---

**Vi ber om at eventuelle fråsegner til søknaden sendast oss innan 4. oktober 2024.**

---

Vi viser til søknad frå Åseral kommune om utslepp av kommunalt avløpsvatn, datert 3. juli 2024.

### Bakgrunn for søknaden

Åseral kommune skal utvide kapasiteten og bygge nytt reinsetrinn for å kunne handtere ei avløpsmengd på inntil 7 000 pe (BOF<sub>5</sub>) i uka med størst tilført avløpsmengd.

Det søkast om reinsekrav i samsvar med forureiningsforskriftas krav til sekundærreinsing og fosforfjerning, jf. forureiningsforskrifta kapittel 14.

### Informasjon om utsleppsløyve for avløpsreinseanlegg

Utslepp av avløpsvatn regulerast gjennom forureiningsforskrifta del 4 om avløp, kapittel 11 til 15b.

For avløpsreinseanlegg med utslepp av kommunalt avløpsvatn frå område med samla utslepp større enn eller lik 2000 personekvivalentar (pe) til ferskvatn eller elvemunning, eller større enn 10 000 pe til sjø, gjeld forureiningsforskrifta kapittel 14, jf. § 14-1. Det følger av forskrifta § 14-3 at det er Statsforvaltaren som er forureiningsmyndigheit.

Statsforvaltaren fattar vedtak om utsleppsløyve i medhald av kapittel 14 og fører tilsyn med at vedtak og føresegner følgast.

Forureiningsforskrifta § 14-4 sett krav om løyve for nye og/eller auka utslepp. Forureiningsmyndigheita gir løyve til utslepp med heimel i forureiningslova § 11. Forureiningsforskrifta §§ 14-5 til 14-14 viser minimumskrava som gjeld for avløpsreinseanlegg omfatta av kapittel 14. Statsforvaltaren



kan, om forureiningsmessige høve gjer det naudsynt, fastsette strengare krav i tillegg til minimumskrava, jf. forureiningsforskrifta § 11 jf. § 16.

### Høyring av søknad frem til 4. oktober 2024

I samsvar med forurensningsforskrifta § 36-5, skal forureiningsmyndigheita sørge for at allmennta gis høve til å gi fråsegn før vedtak treffast. Informasjon om søknaden sendast derfor ut til dei saka vedkjem, myndigheiter, næraste naboar til anlegget og andre med interesse for saka, jf. forurensningsforskrifta §§ 36-6 og 36-7.

Søknaden med vedlegg leggast ut til offentleg ettersyn frem til 4. oktober 2024 og vil bli lagt ut på Statsforvaltarens heimeside under «høringer» <https://www.statsforvalteren.no/nb/agder/Horinger/> og kunngjerast i aktuelle aviser.

### Statsforvaltaren ber om innspel

Vi ber aktuelle myndigheiter og dei saka vedkjem om informasjon om tilhøve som kan være av relevans i vurderinga av saka sine miljø- og samfunnsmessige konsekvensar. Vi ønsker også opplysningar om naturkvalitetar som kan bli påverka av tiltaket.

Som ein del av Statsforvaltarens sakshandsaming, blir fråsegner eller delar av fråsegner referert i saka sine dokument. Dersom fråsegna er lang, er det ein fordel om de utarbeider eit samandrag som kan nyttast til dette. Av same grunn er det ønskeleg å få teksten elektronisk.

Frist for kommentarar til søknaden er 4. oktober 2024. Eventuelle fråsegner sendast til Statsforvaltaren i Agder, Postboks 504, 4804 Arendal eller til [sfagpost@statsforvalteren.no](mailto:sfagpost@statsforvalteren.no). Merk innspelet med saksnr. 2023/1901.

Med helsing

Bjørn Stokke (e.f.)  
seniorrådgiver

Ole Martin Aanonsen  
seniorrådgiver  
Seksjon forurensning

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1 Bortelid RA utslippssøknad.PDF

Mottakere:

|                            |                   |      |          |
|----------------------------|-------------------|------|----------|
| Agder fylkeskommune        | Postboks 788 Stoa | 4809 | ARENDALE |
| BORTELID SKISENTER AS      | Bortelid          | 4540 | ÅSERAL   |
| BORTELID UTMARKSLAG SA     | Kapellodden 2     | 4540 | ÅSERAL   |
| BORTELID CAMPING AS        | Tjaldal           | 4540 | ÅSERAL   |
| BORTELID VEL               | Gjærbrynnan 5     | 4640 | SØGNE    |
| Agder vannregion           |                   |      |          |
| Mandal og Audna vannområde |                   |      |          |
| Anne Berit Johansen        | Stillerudveien 32 | 3039 | Drammen  |



NATURVERNFORBUNDET I AGDER

Postboks 718

4666 KRISTIANSAND  
S

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV (FNF)  
AGDER 2

Gyldenløves gate 2

4611 KRISTIANSAND  
S

Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091,  
Majorstuen

0301 OSLO